

Saksnr: 2019/29-1
Saksbehandlar: Ingjerd Skogseid

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon		12.11.2019

Ordning for næringsretta partnarskapsmidlar i 2020**Forslag til vedtak**

1. Vestland fylkeskommune står ved avtalane om næringsretta partnarskapsmidlar inngått av Hordaland fylkeskommune frå 2018, med nokre justeringar
2. Der det ikkje finnes inngåtte avtalar for partnarane i Sogn og Fjordane i 2020 vil det bli sett av midlar i budsjettet tilsvarande det som vart tildelt i 2019. Berre dei aktuelle partnarane kan søke.
3. Det må utarbeidast ein ny plan for tildeling av næringsretta partnarskapsmidlar frå 2021 tidleg i 2020

Samandrag

Det er naudsynt å harmonisere ordning for næringsretta partnarskapsmidlar i Vestland fylke i 2020. Hordaland fylkeskommune har ei søknadsbasert ordning med tilsegn for perioden 2018-2020. Sogn og Fjordane har ei anna ordning, der ein kunn har fleirårige avtalar med eit fåtal aktørar. Desse vert går ut i løpet av 2019 med unntak av avtala med Fjord Norge.

For 2020 ønsker vi å lage ein overgangsordning som skaper føreseielige tilhøve for partnerane i heile Vestland fylke. Det inneber at vi vil ha ei retta utlysning mot næringsretta partnare som gjennom ein forenkla søknadsprosess søker om midlar til sitt arbeid. Meininga med søknaden er at dei skal synleggjere korleis dei bidrar til å nå måla i dei fylkeskommunale planane. Samtidig må Vestland fylkeskommune gjennom 2020 arbeide fram ei ny ordning, fremma for politisk handsaming, som då vere operativ frå 2021.

Bård Sandal
påtroppande direktør for
avdeling for innovasjon og næringsutvikling

Mette Nora Sætre
påtroppande seksjonsleiar for
Verdiskaping i byar og regionar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Som ledd i fylkessamanslåinga er det naudsynt å harmonisere ordning for næringsretta partnerskapsmidlar, i første omgang for 2020, og deretter kome fram til ein ny ordning for 2021 og framover.

Hordaland fylkeskommune har i dag ei søknadsbasert ordning med tilsegn for perioden 2018-2020. Sogn og Fjordane har ei anna ordning, der ein kunn har fleirårige avtaler med eit fåtal aktørar. Dei få avtalene som ein har går ut i løpet av 2019, med unntak av den løpande avtala med Fjord Norge.

For 2020 ønsker vi å lage ein overgangsordning som skaper føreseielige tilhøve for partnerane i heile Vestland fylke. Samtidig må Vestland fylkeskommune gjennom 2020 arbeide fram ei ny ordning, fremma for politisk handsaming, som vil vere operativ frå 2021. Denne saka skisserer korleis me ønsker å legge grunnlag for dette arbeidet.

I juni 2019 var dei partnerane som har avtalar knytt til næringsretta partnerskap i Sogn og Fjordane og Hordland samla til eit felles møte med fylkeskommunane. Her vart partnerane orienterte om kva administrasjonen i fylkeskommunane tenkjer som overgangsordning for 2020. Det var ikkje merknader til den skisserte ordninga for 2020.

Dagens ordning i Hordaland fylkeskommune

Hordaland fylkeskommune har i ei rekke år støtta organisasjonar og tiltak som har vorte vurdert som strategisk viktige for å gjennomføre næringsutviklingsarbeidet i Hordaland. I ein revisjon i 2017 vart det oppretta ei søknadsbasert ordning for næringsretta partnerskapsmidlar. Som resultat vart det i samband med budsjettet for 2018 gjeve støtte til 29 partnerskapsavtalar for perioden 2018-2020, totalt kr 14 898 000 pr. år. Vedtaket er gjort, og avtalane er inngått, og for 2020, under føresetnad av at Fylkestinget finn finansiering i samband med behandling av årsbudsjett for 2020 i Fylkestinget desember 2019.

I perioden 2018 - 2020 får følgande organisasjonar næringsretta partnerskapsmidlar

Næringsretta partnerskap med støtte frå budsjettposten «Driftsstøtte/ eigarskapsforplikingar»

Bergen Vitensenter	kr 3 000 000	
Fjord Norge AS	kr 3 000 000	
SUM	kr 6 000 000	kr 6 000 000

Næringsretta utviklingsaktørar med støtte frå budsjettposten «Handlingsplan Næringsutvikling Hordaland statlege overføringar»

Atheno	kr 600 000	
Nyskapingsparken VIS, Innovasjon	kr 700 000	
Industriutvikling Vest	kr 600 000	
SUM	kr 1 900 000	kr 1 900 000

Næringsretta utviklingsaktørar over budsjettposten «Næringsretta partnerskapsmidlar»

Reiseliv: fellesoppgåver	kr 600 000
Nordhordland IKS	kr 230 000
Samarbeidsrådet i Sunnhordland	kr 230 000
Gode Sirklar/Gründerparken	kr 330 000
Osterfjorden	kr 130 000
Hardangerrådet IKS	kr 230 000
Western Norway Film Commission	kr 588 000
Maritime Bergen	kr 320 000
Design Region Bergen	kr 420 000
HOG Energi/Energi Vestland	kr 500 000
Impact Hub Bergen	kr 420 000
Connect Vest	kr 500 000
Mediefondet Zefyr	kr 800 000

Ungt Entreprenørskap i Hordaland	kr 400 000	
Mataarena AS	kr 150 000	
NCE Seafood Innovation Cluster	kr 100 000	
Mediekuben – BTO	kr 400 000	
NCE Maritime CleanTech	kr 300 000	
NCE Media	kr 100 000	
GCE Subsea	kr 100 000	
Næringshagen på Voss	kr 50 000	
Næringshagen i Nordhordland	kr 50 000	
Næringshagen i Gulen og Masfjorden	kr 50 000	
SUM	kr 6 998 000	kr 6 998 000
TOTALT		kr 14 898 000

Dagens ordning i Sogn og Fjordane fylkeskommune

Sogn og Fjordane har eit fåtal fleirårige avtaler. Det er valt ei løysing der 2019 er siste avtaleår, og tanken bak dette var at den nye fylkeskommunen skulle stå friare frå 2020. Avtala med Fjord Norge er løpande. Denne må seiast opp eitt år i førevegen, og gjeld også for 2020.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har elles støtta aktiviteten til ei rekkje samarbeidspartnarar. Dette vert gjort gjennom enkeltvedtak og finansiert over fylkeskommunen sitt budsjett for det aktuelle året. Ein del av dei støtta aktivitetane er fleirårige. Men ein har som regel valt å finansiere heile summen på det aktuelle budsjettåret, slik at ein ikkje skaper bindingar for komande budsjettår. Ein del av desse tildelingane har gått over fleire år og kan sjåast som fast driftstilskot.

Samarbeidet med partnarar har ikkje vore formalisert med felles kriterier som i Hordaland, men vurdert ut frå satsingar, mål i Verdiskapingsplanen og andre omsyn. Det har vore eitt ynskje om å gje føreseielege avtalar med partnarar. Mange av desse partnarane har tidlegare hatt minimum toårige avtalar. Både for desse partnarane og partnarane som ligg inne med årlege løyvingar i budsjett, har løyvingane vore vidareført i økonomiplanperioden. Det er såleis forventingar om vidareføring også i 2020.

<u>Organisasjon</u>	<u>Løyving i 2019</u>
Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane	kr 950 000
Destinisjonsselskapa	kr 2 200 000
Fjord Norge	kr 3 240 000
Vestlandsforskning – grunnstønad	kr 800 000
IT-Forum Sogn og Fjordane	kr 500 000
Teknoløftet v/ Høgskulen på Vestlandet	kr 1 000 000
Sum	kr 8 690 000

I tillegg har fire organisasjonar fått løyvingar der det er gjort ei politisk vedtatt tildeling for 2020.. Men frå 2021 må desse og takast omsyn til.

<u>Organisasjon</u>	<u>Løyving gitt for 2020</u>
Aksello si inkubatorverksemd	kr 700 000
Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane si inkubatorverksemd	kr 1 100 000
Mediefondet Zefyr	kr 215 000
Vestnorsk Filmkommisjon	kr 300 000
SUM	kr 2 315 000

Plan for revidering og utlysing i 2020 fram mot budsjettprosessen for 2021

Vestland fylkeskommune må gjere ei vurdering av partnerskapsordninga og vurdere vidareføring. Målsetting er at ein ved ei eventuell vidareføring av ordninga vil opne for ny utlysing for heile Vestland fylke utan binding til noverande partnarar. Dette inneber at alle aktørar som mottar næringsretta partnerskapsmidlar i 2020 vil måtte søkje om slik støtte frå 2021, og at eventuelle nye aktørar vil ha moglegeheit til å søkje då.

Tentativ plan for å arbeide fram ein ny ordning

Første halvår 2020

- Vurdere dagens ordningar og utarbeide ny ordning med forslag til vurderingskriterier
- Politisk handsaming i hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon
- Fylkeskommunen lyser ut partnerskapsmidlar til næringsretta utviklingsaktørar basert på vedtak i hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon. Søknadsfrist ca 1 måned etter utlysing

Andre halvår 2020

- Innstilling om tildeling basert på tildelingskriteria i framlegg til budsjett for 2021
- Desember 2020 – Fylkestinget vedtar kva aktørar som skal løyvast næringsretta partnerskapsmidlar for 2021. Varigheit vert avklart i prosessen med å utarbeide ny ordning.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon kan gjere vedtak om ordning for næringsretta partnerskapsmidlar og vurderingskriterium

Vurderingar og verknader

Med overgangen til Vestland fylkeskommune er det viktig vidareføre ordningar som sikrar føreseielege rammer for næringsutvikling. Dei næringsretta partnerskapsmidlane er viktige for å nå viktige strategisk mål for næringsutvikling. Partnerskap er eit sentralt verktøy for å realisere vedtekte fylkeskommunale planar. Difor må ein ha ei ordning også i 2020 som dekke heile fylket.

Prosjektlear er difor innstilt på å stå ved avtalane Hordaland fylkeskommune ved avtalane om næringsretta partnerskapsmidlar inngått av Hordaland fylkeskommune frå 2018, med nokre justeringar.

Justeringar i Hordaland sine avtalar:

- FjordNorge har avtale med både Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune. Partnerskapsavtale med Hordaland er går ut 2020 det er difor ikkje nødvendig med søknad men tilskotet må aukast til 6 000 000
- Gode sirklarAS har fått tildelt kr 330 000 fordi dei har tent regionen (Sund, Øygarden og Fjell) kr 230 000 samt kr 100 000 øymerka til satsinga på Grunderparken Vest. Gode sirklar AS vert avvikla i løpet av 2020, me vidarefører løyvinga øymerka til Næringsutvikling i nye Øygarden kommune inkludert Grunderparken.

For dei næringsretta partnerane i nordfylket vil prosjektlear tilrå at det vert gjennomført ein forenkla søknadsprosess. Grunnen til at vi ønsker ein enkel søknad er at vi då får dokumentert korleis dei arbeider mot fylkeskommunen sine målsettingar og vi får ei stadfesting på at dei er operative. Det vil bli ein retta utlysing til dei aktuelle samarbeidspartane i nordfylket. Nye aktørar får ikkje mulighet til å søke no, men må vente til ny utlysing i løpet av 2020. Utlysinga vil bli lagt ut etter at budsjettet er vedteke og tildeling vil bli fremma i hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon. Søknadane blir handsama og vurdert høve kriterium som er definert under.

Tentativ tidsplan for utlysing og tildeling til næringsretta utviklingsaktørar i nordfylket for 2020

- Tidleg januar 2020 Vestland fylkeskommune lyser ut partnerskapsmidlar for 2020 til næringsretta utviklingsaktørar i nordfylket
- 10. februar 2020 søknadsfrist
- Mars 2020: Innstilling om tildeling vert fremja for hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

Vurderingskriterium for søknadane.

I søknaden vil søkjar bli bedne om kort å omtale korleis dei bidrar til å oppfylle målsettingane i dei vedtekne regionale planane.

Prosjektlear føreslår følgande kriterium for søknadane om næringsretta partnerskapsmidlar:

- a) Aktøren arbeider med å fremje innovasjon og næringsutvikling,
- b) Aktøren samlar og styrkar innovasjons- og/eller næringsutviklingsarbeidet i ein del av fylket/region.
- c) Aktøren har innsatsen retta mot område i dei fylkeskommunale planane.

Regional planstrategi Sogn og Fjordane, Verdiskapingsplanen og utfordringsdokumentet for regional planstrategi i Vestland fylke. Særleg relevant er innsats knytt til utfordringar identifisert i arbeidet med regional planstrategi for Vestland

- Klimaomstilling
- Grøn konkurransekraft
- Digitalisering av samfunnet
- Relevant kompetanse og kunnskap
- Ungdom – trivsel og tilhøyre

Økonomi: Beløpa vil gå fram av budsjett 2020.

Klima: Næringsretta partnerskapsavtalar kan knyttast opp mot klimamålsettingar.

Folkehelse: Næringsretta partnerskap er viktig for å utvikle nærings- og arbeidslivet i heile fylket. Arbeid er viktig for folkehelsa.

Regional planstrategi: Næringsretta partnerskapsavtalar bidrar til å nå målsettingar for innovasjon og næringsutvikling i regional planstrategi

Konklusjon

Som ledd i fylkessamanslåinga er det naudsynt å harmonisere ordning for næringsretta partnerskapsmidlar i første omgang for 2020, og deretter kome fram til ein ny ordning for 2021 og framover.

Prosjektlear fremmer forslag om å stå ved Hordaland fylkeskommune sine avtalar om næringsretta partnerskapsmidlar inngått i 2018, med nokre justeringar. Og vidare at det vert ei retta utlysing til partnara i nordfylket som ikkje har avtale i 2020 slik at ein sikrar føreseielige og like tilhøve i 2020. Og at dei i løpet av 2020 vert gjort ei evaluering av ordninga og at det eventuelt vert fremma forslag til ei ny ordning frå 2021 der alle må søkje på nytt.

Det vert sett skal totalt settast av kr 24 000 000 til næringsretta partnerskap i 2020 i budsjettet for 2020.

- 18 000 000 til inngåtte avtalar (avtalar inngått i Hordaland fylkeskommune pluss 3 000 000 til Fjord Norge for Sogn og Fjordane)
- 6 000 000 til å dekke søknadane frå dei aktuelle aktørane i nordfylket.

Dette innarbeidast i budsjettframlegget for 2020.

Prosjektlear fremmer forslag om at det vert gjennomført ei vurderinga av partnerskapsordninga tidleg i 2020 inkludert å vurdere ei vidareføring i form av ein ny plan for næringsretta partnerskapsmidlar frå 2021.